



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	16.11.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-231	21/507

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL OPPRUSTING AV PARKEN VED GÅSEDAMMEN, HESTAVOLLEN PÅ DALE

Vedlegg:

Kostnadsoppsett for tilretteleggingstiltak kring Gåsedammen. Grunnlag til søknad om tilskot

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Gåsedammens Venner, v/ Jostein Birkeland, får tildelt inntil kr. 30 000,- i bygdeutviklingsmidlar til opprusting og tilrettelegging av parken ved Gåsedammen for lokal/ålmenn bruk. Løyvinga utgjer 67 % av søknadssummen.

Tilskotet skal nyttast til innkjøp av benker, bord, grill og utstyr til tennisbana i samsvar med søknaden.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i Bygdeutviklingsutvalet sine «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut når sluttrapport med kostnadsdokumentasjonen legg føre.

Tiltaket skal rapporterast innen tre veker etter gjennomføring.

Løyvinga gjeld for 2 år, frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Framlegg til vedtak, lagt inn i møteportalen av Edvin Hesjedal, H:

Foreslår å fullfinansiere prosjektet med kr 45000,- med bakgrunn i stort område aktuelt for mykje folk, med svært varierte aktivitetar inkludert tennis. Tennisbane finn ein berre ein anna stad i kommunen.

Vert finansiert med kutt i andre søknader

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 21/2021

BYG - Behandling:

Utvalet drøfta søknaden.

Edvin Hesjedal, H la fram følgjande alternative forslag:

Foreslår å fullfinansiere prosjektet med kr 45000,- med bakgrunn i stort område aktuelt for mykje folk, med svært varierte aktivitetar inkludert tennis. Tennisbane finn ein berre ein anna stad i kommunen.

Vert finansiert med kutt i andre søknader

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Edvin Hesjedal, H sitt framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteken med 3 stemmer (Arne Normann, Krf, Ståle Hesjedal, Ap og Line Eide Vik, Sp mot 2 stemmer(Edvin Hesjedal, H og Mona Grenasberg, SV).

BYG - Tiltråding/Vedtak:

Gåsedammens Venner, v/ Jostein Birkeland, får tildelt inntil kr. 30 000,- i bygdeutviklingsmidlar til opprusting og tilrettelegging av parken ved Gåsedammen for lokal/ålmenn bruk. Løyvinga utgjer 67 % av søknadssummen.

Tilskotet skal nyttast til innkjøp av benker, bord, grill og utstyr til tennisbana i samsvar med søknaden.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i Bygdeutviklingsutvalet sine «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut når sluttrapport med kostnadsdokumentasjonen ligg føre.

Tiltaket skal rapporterast innen tre veker etter gjennomføring.

Løyvinga gjeld for 2 år, frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Saksopplysningar:**Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 210 000,- i tilskotsmidlar til fordeling ved søknadsomgangen i oktober 2021.

Gåsedammens Venner, v/ Jostein Birkeland, søker om kr. 45 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av utstyr/materiell for utbetring og ålmenn tilrettelegging av området rundt Gåsedammen på Dale.

Søknaden vart fremja 06.05.21, men ikkje handsama på junimøtet grunna søknadsfristen.

Kommunedirektøren vurderer at innhaldet i søknaden er i tråd med føremålet som bygdeutviklings-midlane skal fremje, og går inn for å løyve inntil kr. 30 000,- i tilskot. Dette utgjer 67 % av søknadsbeløpet.

Framlegget til stønadsbetøp er gjort etter ei samla vurdering av innhaldet i søknaden, innkomne søknadar og tilgjengelege midlar. Nærare grunngjeving går fram under «vurdering og konsekvensar».

Bakgrunn for saka

I søknad av 30.03.21 søkte Gåsedammens Venner, v/ Jostein Birkeland, om kr. 480 000,- i bygdeutviklingsmidlar til opprusting av Gåsedammen og parken rundt. Som følgje av at Gåsedammen ligg på kommunal grunn, og søknaden sitt innhald i høve til retningslinene for tilskotsordninga, gav administrasjonen tilbakemelding om at midlane har eit anna føremål enn hovudinnhaldet i søknaden, jf. brev 11.05.21. Det vart samstundes nemnd at søker kan fremje ny søknad om midlar til praktisk tilrettelegging.

I e-post av 06.05.21 søker Gåsedammens Venner om kr. 45 000,- for tilrettelegging av parken ved Gåsedammen for lokal og ålmenn bruk, med følgjande kostnadsoppsett:

4 benker m/rygg, á kr. 3750	kr. 15 000,-
4 benker u/rygg á kr.2000	kr. 8 000,-
Grill	kr. 10 000,-
Opprusting tennisbana (nett m.m)	kr. 12 000,-

Arbeidskostnadar i form av eigeninnsats er ikkje tekne med i oppsettet.

Søknaden vart ikkje handsama på møtet i Bygdeutviklingsutvalet i juni grunna søknadsfristen, men vert lagt fram til handsaming i november.

Formelt grunnlag

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- ”Retningsliner for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet av 26.05.20:

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Vurdering og konsekvensar

Søknaden er i samsvar med tilskotsordninga sine krav til innhald og kven som kan søkje om midlar (mellan anna friviljuge lag/organisasjonar).

I følgje retningslinene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og stimulere til aktivt bygdeliv. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for alle. Her kan det gjevast midlar til materiell og utstyr til ulike prosjekt og stader. Det kan ikkje gjevast tilskot til drift.

Søknaden sitt innhald vert vurdert å vere i tråd med føremåla som bygdeutviklingsmidlane skal fremje.

Det er kome inn mange søknadar til gjeldande søknadsomgang, og samla søknadsbeløp er langt større enn tilgjengelege tilskotsmidlar. Ei prioritering er difor naudsynt.

Tiltaka det vert søkt om midlar til, vil styrke tilrettlegginga i parken rundt dammen, og gjere

området meir attraktivt å bruke for ålmenta. Parken utgjer ein naturleg del av bustads- og nærmiljøet på Hestavollen, samstundes som den er lett tilgjengleg for andre. Her vil planlagd tiltak kunne stimulere til ytterlegare bruk og felles aktivitet, der planlagde gjeremål vert sett i samanheng med ei større opprusting av området kring Gåsedammen. Denne skal finansierast gjennom andre kjelder.

Retningslinene seier at det ved prioritering av søknadar skal takast omsyn til geografisk fordeling, og om bygder har fått tilskot ved tidlegare høve. I denne samanheng har fleire tiltak på Dale fått tildelt midlar, som også er situasjonen for fleire andre bygder. Søkjar har ikkje motteke midlar før, og det vert sett på som naturleg å støtte opp om søkjar sitt engasjement.

På bakgrunn av søknaden sitt innhald, kriteria for løyving, tilgjengelege midlar og innkomne søknadar, går kommunedirektøren inn for å løyve inntil kr. 30 000,- i tilskot til planlagd tilrettelegging. Tilskotet utgjer 67% av søknadssummen. Eigeninnsats i form av arbeid er ikkje teke med i søknaden, og kjem i tillegg til dei oppgjevne kostnadane.